

H O V U D U T S K R I F T

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

STYREMØTE PÅ TEAMS

Møtedato: 25. juni 2021

Tidspunkt: kl. 0900 – 1005

Som medlemmer møtte: George Fulford, Camilla Storøy, Margareth Leinebø, Arnljot Muren (f.o.m. sak S32/21), Kjartan Grimstad og Bjarte Uglum

Følgjande medlemmer møtte ikkje: Anne Holstad

Frå administrasjonen møtte: Einar Heimdal

Andre:

Saker som vart handsama: Sak nr. S27/21 – S33/21

Vedtaksaker:

SAK NR S27/21 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Tilråding til vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

SAK NR S28/21 GODKJENNING AV PROTOKOLLEN FRÅ 15. APRIL 2021

Tilråding til vedtak:

Protokollen frå styremøtet 15. april 2021 vart godkjend.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Protokollen frå styremøtet 15. april 2021 vart godkjend.

SAK NR S29/21
PERIODEREKNESKAP PR. 30. APRIL 2021

Perioderekneskapet pr. 30. april 2021 er lagt ved. Hovudtala ser ganske bra ut. Korte kommentarar blir gitt på møtet.

Rekneskapet pr. 30. april 2021 er vedlagt – og unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Tilråding til vedtak:

Styret godkjenner rekneskapet pr. 30. april 2021. Rekneskapet syner eit overskot på totalt kr 2 046 000. Dette er fordelt med 489 000 på slam, 862 000 på hushaldning og 695 000 på næring.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret godkjenner rekneskapet pr. 30. april 2021. Rekneskapet syner eit overskot på totalt kr 2 046 000. Dette er fordelt med 489 000 på slam, 862 000 på hushaldning og 695 000 på næring.

SAK NR S30/21
NY DAGLEG LEIAR

Saka er kun av formell karakter. Med bakgrunn i eit kort styremøte 20/5-21 (etter representantskapsmøtet) og telefonmøter undervegs om tilsetting av ny dagleg leiar, må tilsettinga formelt godkjennast i styret. Det gjer ein gjennom eit enkelt vedtak som formaliserer tilsettinga.

Tilråding til vedtak:

Styret godkjenner tilsettinga av Arnstein Myklebust som ny dagleg leiar i SSR. Han tar til i stillinga 1. september 2021.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret godkjenner tilsettinga av Arnstein Myklebust som ny dagleg leiar i SSR. Han tar til i stillinga 1. september 2021.

SAK NR S31/21
LÅNEOPPTAK

Låneopptaket gjeld finansiering av opprydding / reparasjon av det nedlagde deponiet i Fløstranda og finansiering av føretatte og planlagde investeringar.

To interne notat om saka er vedlagt – og begge er unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Tilråding til vedtak:

Styret vedtar at det blir føretatt eit låneopptak på kr 9 000 000 i Kommunalbanken. Midlane skal brukast til tidlegare og planlagde investeringar. Låneopptaket er innanfor tillatt låneramme i selskapsavtala.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret vedtar at det blir føretatt eit låneopptak på kr 9 000 000 i Kommunalbanken. Midlane skal brukast til tidlegare og planlagde investeringar. Låneopptaket er innanfor tillatt låneramme i selskapsavtala.

Langsiktig kapitalbehov må kome opp som ein del av arbeidet med økonomiplanen etter ferien. Utgreiinga må også innehalde ei vurdering av låneramma i gjeldande selskapsavtale.

SAK NR S32/21
INTERNSORTERING OG KOMPOSTERING

Saka gjeld korleis ein skal handtere papir, papp og plast framover (internsortering) og kva ein skal gjere med graset som kjem inn på greinplassane (kompostering).

Eit internt notat om saka er vedlagt – og det er unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Tilråding til vedtak:

Styret vedtar at det blir bevilga NOK 2 500 000 til nødvendige investeringar innanfor området internsortering og i tillegg investering i eit mindre komposteringsanlegg. Låneopptaket til investeringane er tatt opp i sak S31/21.

Sakshandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret er positive til prinsippet ved dei føreslåtte investeringane, men utset saka og vil ha den oppatt i haust – då med utvida analyser og tal, med eit fokus på driftskostnader. Søknad om komposteringsløyve kan sendast til Statsforvaltaren etter ferien.

Orienterings- / drøftings- / vedtakssaker:

**SAK NR S33/21
DAGLEG LEIAR ORIENTERER**

Dagleg leiar orienterte om følgende saker:

- Status SSR og koronapandemien.
- Status vedr. samanslåing av Bingsa og ÅRIM til eit konsern.
- Lønnstala pr. juni 2021.
- Utfordringar med kapasitet i administrasjonen.
- Anbod på transport av matavfall til Mjøsanlegget.
- Omlastehallen og tiltak mot lukt.
- Omlasting av matavfall f.o.m. mai 2022.

Tilråding til vedtak:

Styret tar orienteringa til vitande.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, 25. juni 2021


George Fulford
styreleiar



Camilla Storøy
nestleiar


Margareth Leinebø

Arnliot Muren



Kjartan Grimstad




Bjarte Uglum


Einar Heimdal
dagleg leiar